



## Notat

Dato: 23.11.2016  
Arkivsak: 2016/9382-17  
Saksbehandlar: ariseks

---

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Den kulturelle spaserstokken

Den kulturelle spaserstokken er ei nasjonal kultursatsing som har som mål å sørge for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre, la gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt bli utvikla innanfor eit mangfold av sjangrar og uttrykk, og leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren.

Den kulturelle spaserstokken blir finansiert av Helse- og omsorgsdepartementet og Kulturdepartementet i fellesskap. I 2015 vart det sett av 30,8 millionar kroner på nasjonalbudsjettet til den kulturelle spaserstokken. Midlane blir utbetalt til fylkeskommunane og fordelt vidare til kommunane, som søker gjennom den fylkeskommunale stønadsordninga.

Kva kan støttast?

Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling. 80 % av midlane blir basert på ei kvantitativ vurdering og at 20 % blir basert på ei kvalitativ vurdering.

Kvantitativ vurdering:

1. Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen (fordelingsnøkkel på 60%)
2. Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolking (fordelingsnøkkel på 10 %)
3. Areal (fordelingsnøkkel på 10 %)

Kvalitativ vurdering:

- › Programinnhald
  - › Nyskaping
  - › Utvikling av program
  - › Samarbeid
- 

I dagens møte:

Spesialrådgjevar Marianne Ose Askvik og seniorrådgjevar Elin Molven Wilhelmsen frå Kultur- og idrettsavdelinga vil orientere fylkeseldrerådet om arbeidet med Den kulturelle spaserstokken og svare på spørsmål.